

BARNE- OG UNGDOMSPLAN

AUSTRHEIM KOMMUNE



"Vi bør konsentrere oss om framtida,
det er der vi skal vere resten av livet."

Mark Twain

INNHOLD

| | SIDE |
|-----------------------------------|------|
| INNLEIING | 1 |
| MÅL FOR BARNE OG UNGDOMSARBEIDET | 1 |
| OPPVEKSTMILJØ | 3 |
| Barnehage | 3 |
| Skule | 4 |
| Førebyggjande arbeid | 5 |
| KULTUR OG FRITID | 6 |
| Friviljuge lag og organisasjonar | 6 |
| Fritidsklubb | 6 |
| Friluftsliv | 7 |
| Leikeplassar/ballplassar | 8 |
| Gatelys | 8 |
| Trafikk | 9 |
| Kommunikasjon | 9 |
| Sommarjobb for ungdom i Austrheim | 9 |
| Samfunnshus | 10 |
| Idrett og anlegg | 11 |
| Bibliotek | 12 |
| Musikkskulen | 12 |
| Evaluering | 13 |
| Rullering | 13 |

INNLEIING.

Barn og unge sine interesser kjem i dag for lite til synne i avgjerdssprosessane i samfunnet. For barn og unge sin del er det viktig at deira behov og rettar vert integrerte i den alminnelige samfunnspolitikken. I dette arbeidet skal ein og ta omsyn til utfordringar, behov og problem som er direkte knytte til barn og unge sin livssituasjon. Vi har alle eit ansvar for å skape gode og utviklende oppvekstmiljø for barn og ungdom.

FÆRRE UNGE.

For Noreg sett under eitt, vil gruppene av barn og ungdom utgjere ein stadig mindre del av befolkninga i åra framover. Variasjonane mellom regionar og lokalsamfunn vil vere store. For Austrheim kommune kan ein venta ei svært skeiv aldersfordeling i befolkninga mot hundreårsskiftet. Delen av barn og unge vil gå ned medan det vil bli fleire eldre. Skal vi oppretthalde eit livskraftig lokalsamfunn, vert det viktig å kunne tilby gode oppvekstmiljø for barn og unge.

MÅL FOR BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET.

HOVUDMÅL FOR BARNE OG UNGDOMSPOLITIKKEN I AUSTRHEIM KOMMUNE.

Forbetre barn og unge sitt totale oppvekstmiljø.

Det overordna målet for arbeidet med barn og ungdom sitt oppvekstmiljø er ei betring av barn og unge sine oppvekst-kår i kommunen. Denne målsetjinga kviler på ei forståing av det offentlige sitt medansvar for den oppveksande generasjonen.

Ansvaret deler ein med foreldre/føresette, ungdommen sjøl, næringslivet i kommunen, ulike private lag og organisasjonar og fylkeskommunale og statlege organ.

Gje barn og unge eit positivt forhold til bygda si slik at dei ønskjer å busetje seg der.

Det offentlege har eit medansvar for å gje unge menneske høve til å utvikla seg og få ein god start på livet. For Austrheim kommune kan gode oppvekstmiljø vere eit verkemiddel for å nå målet om å oppretthalda busetjinga. I dette ligg ikkje ei oppmoding til ungdommen om å bli verande i kommunen "all sin dag". I målsetjinga ligg ei tru på at eit betre tilbod for barn og unge har mykje å seie for om dei unge satsar på utdanning og yrkesval som gjer at dei vel å busetja seg i Austrheim.

Gjere innsatsen overfor barn og unge til eit prioritert satsingsområde.

Skal ein i Austrheim oppretthalda livskraftige lokalsamfunn, vert det viktig å kunna tilby gode oppvekstmiljø for barn og unge. Prioritering av den oppveksande generasjonen signaliserer vilje til å satsa på framtida.

Sjå kommunen sitt ansvar og kommunen sin innsats overfor barn og ungdom i ein totalsamanheng.

I dette ligg ei tru på at felles organisering av aktivitetar overfor barn og unge skal gi eit totalt betre tilbod. Trua byggjer på ein hypotese om at auka samordning og betre felles utnytting av ressursane berre kan skje ved ei samling av aktørar, ressursar, ansvar og tenester innanfor området som har med barn og ungdom å gjere.

STRATEGI

Barn og unge sine oppvekstkår som kommunalt ansvarsområde høyrer ikkje heime i berre ein sektor. Ansvaret går på tvers av tradisjonelle skiljelinjer såvel i den kommunale forvaltninga som i det politiske systemet. Tverrsektorieltt samarbeid innan kommunen er eit nødvendig verkemiddel for å nå måla for barne- og ungdomsarbeidet.

SAMLA OPPVEKSTMILJØ FOR BARN OG UNGE.

Politisk organisering:

For å utnytta ressursane, ansvaret og tenestene innafor området som har med barn og unge å gjera, vart det frå 01.01.92 oppretta nytt hovudutval for undervisning og kultur. Dette har oppgåvne til skulestyre, barnehagenemnda og kulturstyre.

TVERRSEKTORIELT SAMARBEID.

Innafor områda næringsliv og sysselsetjing, helse og miljø ligg utfordringa i å auke samarbeidet mellom skule/kultur-etaten og dei andre etatane slik at tiltak som krev tverretatleg samarbeid, kan finne si løysing. Tverrsektoriell planlegging av oppvekstmiljøet vil gjere det lettare å vurdere utviklingstendensar, prioritere framtidige innsatsområde og fordele ressursar til ulike føremål.

OPPVEKSTMILJØ.

Barnehage.

Barnehagetilbodet i Austrheim er slik:

| | |
|------------------|---------|
| Årås barnehage | 77 barn |
| Litlås barnehage | 44 barn |
| Kaland barnehage | 9 barn |

Til saman vert dette 130 barn.

MÅL.

- * Full barnehagedekning
- * Oppretthalda pedagogisk kvalitet i barnehagen.
- * Gjennomføra utviklingsarbeid i samarbeid med skule, musikkskule, bibliotek og nærmiljø.

TILTAK.

- * Bygging av Kaland barnehage
- * Tilbod til 6-åringane i skulen.

ANSVAR.

Skule/kultur.

SKULE.

Kommunen har 2 grunnskular.

Årås skule 10 klassar med 226 elevar i 1992/93

Kaland skule 9 klassar med 130 elevar i 1992/93

Elevtalet vil gå noko ned dei første åra.

MÅL.

- * ein skule der elevar og personale trivst og som integrerer alle.
- * der elevar og personale vektlegg musiske verdiar og skapar heile menneske.
- * som er samfunnsaktiv i nærmiljøet og vert lokalt kultursenter.

TILTAK.

- * 6 åringarne har oppholdstad i skulen. I periodar arbeider dei i aldersblanda grupper.
- * skulefritidsordningane er bygde ut med omsorg, leik, kulturaktivitetar og sosial lærings.
- * ressursar frå kommune, organisasjonar, institusjonar i kommunen og frå føresette er samordna og maksimalt utnytta.

ANSVAR.

Skule/kultur.

FØREBYGGJANDE ARBEID.

Kommunen sitt ansvarsområde er klar når det gjeld generelt førebyggjande arbeid. Vidare skal kommunen vera særleg merksam på førebyggjande tiltak for risikoutsette barn og unge.

MÅL.

- * å driva eit førebyggjande barnevern.
- * auka forståinga for førebyggjande arbeid og få fleire engasjerte i helsearbeid mellom barn og unge.

TILTAK.

- * at barnevernskonsulenten får naudsynte ressursar.
- * styrka arbeidet til barnehage/skulehelselaget.
- * satsa på A.N.T.-undervisning ved grunnskulane og den vidaregåande skulen.
- * auka tilskota til attraktive, rusfrie helgetilbod for ungdom.
- * etablera konfliktråd for unge lovbyrytarar.

ANSVAR.

Skule/kultur
Helse/sosial

KULTUR OG FRITID.

FRIVILJUGE LAG OG ORGANISASJONAR.

Organisert aktivitet er ei viktig side ved ungdomen si fritid. Friviljuge lag og organisasjonar gir høve til sosial kontakt og sosial læring. Lags- og organisasjonsaktivitet medverkar sterkt både til eigen trivsel og til ei positiv haldning til fritidsmiljøet og meir generelt til heimstaden.

Breidda i tilbod og aktivitet er stor i dei ulike lag og organisasjonar i Austrheim. Aktivitetane føregår på skulane, samfunnshuset, bedehusa, grendahusa og idrettsplassane.

MÅL.

- * å gje støtte til større livskvalitet og meir meiningsfylt fritid.
- * å styrka organisasjonar som gjev eit kulturtilbod til born og unge.

TILTAK.

- * det kommunale kulturarbeidet skal prioritera å vera eit støtteapparat for det friviljuge kulturarbeidet.
- * lag og organisasjonar som gjev kulturtilbod til barn og unge skal prioriterast ved tildeling av kulturmiddlar.

ANSVAR.

Skule/kultur.

FRITIDSKLUBB.

For å fremja fritidstilbodet i kommunen skal stimulator og pådrivarfunksjonen vektleggjast, og kommunen kan vera ein aktiv medspelar i tilrettelegginga av aktivitetane. Sjølve drifta av klubbar bør overlatast til lag/organisasjonar. I dag har ein kommunal drift av ungdomsklubben i Mastrevik og privat (kyrkjelagskontoret) på Austrheim.

MÅL.

Kommunen må stilla seg positiv til hjelp og stønad til fritidsklubbar. Det vert gjeve faste tilskot til drifta.

TILTAK.

Drifta av den kommunale fritidsklubben i Mastrevik skal på sikt overlatast til lag/organisasjonar.

Det skal oppretta fritidsklubb i Fonnes/Kaland området.

ANSVAR.

Skule/kultur.

FRILUFTSLIV.

Kommunen rår over rike og varierte naturområde. Naturgrunnlaget er eit stort potensiale i opplevingssamanhang, både for innbyggjarane og i samband med reiselivsutvikling.

MÅL.

Sikra natur og areal for vernemål, menneskeleg aktivitet, friluftsliv og livsutfaldning.

Gjennom bruk og forvaltning ta vare på kommunen sin rike natur og kulturlandskap til beste for innbyggjarane i kommunen no og i framtida.

TILTAK.

Opparbeida og vedlikehalda turstigar.

Opparbeida og vedlikehalda badeplassar.

ANSVAR.

Skule/kultur og teknisk.

LEIKEPLASSAR/BALLPLASSAR.

Små born treng trygge leikeplassar i nærmiljøet. Desse kan opparbeidast i samabeid mellom krinsane og kommunen.

MÅL.

Leikeplassar i alle grender som ynskjer det.
Forbetring av uteanlegget ved skulane.

TILTAK.

Kommunen hjelper til med å sikra areal og finansierer leikeapparat.
Uteanlegga ved skulane må gje høve til ulike typar leik, idrett, organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar.
Standardheving av leikeplassane i buområda.

ANSVAR.

Skule/kultur
Teknisk

FYSISK MILJØ.

GATELYS.

MÅL.

Meir gatelys langs vegstrekningane.

TILTAK.

Gatelys kan koma som eit samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane i dei einskilde grendene.

ANSVAR.

Teknisk.

TRAFIKK

MÅL.

Skapa eit tryggare trafikkmiljø i Austrheim.

TILTAK.

Ubygging av gang og sykkelvegar slik at alle born kan ha ein trafikksikker skuleveg.

Skule/lensmann må vera ein pådrivar i haldningsskapande arbeid.

ANSVAR.

Teknisk.

KOMMUNIKASJON.

MÅL.

Gjera det lettare for ungdom utan kommunikasjonsmiddel å ferdast og treffa anna ungdom og nytta tilbod rundt i kommunen.

TILTAK.

Byggja ut det kollektive trafikktilbodet.

ANSVAR.

Formannskap/kommunestyre.

SOMMARJOBB TIL UNGDOM FRÅ AUSTRHEIM.

Mange unge får eit negativt forhold til bygda og næringslivet dersom det viser seg å vera vanskeleg å skaffa seg sommarjobb. Dei ser då ikkje noko grunn til å satse på utdanning og ei framtid i Austrheim når sjansane for å få arbeid er små.

MÅL.

Skaffa sommarjobb til ungdom og lære dei unge at arbeid er noko positivt.

Prøve å halda på ungdomen eller skape ei haldning slik at dei ønskjer å koma tilbake til Austrheim etter utdanning eller praksis utanbygds.

TILTAK.

Etablere eit tverretatleg samarbeid om formidling av tilbod om sommarjobb.

Etablere ei ordning med sommarjobb for alle i aldersgruppa 17-20 år (4 årsklassar). Det vert gjeve lønsstilskott på 50% i inntil 4 veker. Ungdom i denne aldersgruppa som framleis står utan arbeid, får arbeid gjennom kommunen i inntil 2 veker.

ANSVAR.

Formannskap/kommunestyre.

SAMFUNNSHUSET.

Samfunnshuset er i dag Kulturhuset i bygda med kinodrift, Riksteater, idrett og andre kulturaktivitetar.

MÅL.

I samarbeid med eigarane å auka bruken av huset.

TILTAK.

Nye aktivitetar som t.d. teater, filmklubb, "kafe" for ungdom, ulike rusfrie arrangement o.s.b.

Oppretthalda kommunal støtte dersom det er trøng for det.

ANSVAR.

Skule/kultur/formannskap/kommunestyre.

IDRETT OG ANLEGG.

På Kaland har ein gymnastikksal, symjebasseng og grusbane.

På Arås er idrettsaktivitetten knytta til Samfunnshuset og til grasbana som idrettslaget eig.

MÅL.

Idretten skal gje eit tilbod til alle utan omsyn til alder, kjønn og fysikk.

Å vera ei aktiv støtte for idrettsorganisasjonane i deira arbeid.

TILTAK.

Idrettshall finansiert ved kommunalt tilskot, leigeinntekter, lån og tippemidlar.

Å byggja motorsportbane/ridebane.

Å ta del i vedlikehaldet av grasbana på Arås.

Å byggja ballplass/treningsbane på Arås.

Etter ynskje å tilretteleggja for idrettsaktivitet knytta til sjøen.

ANSVAR.

Skule/kultur
Teknisk

KULTURAKTIVITETAR I KOMMUNAL REGI.

Bibliotek.

MÅL.

Biblioteket vert gjort til "formidlingssentral" for all kultur.

TILTAK.

Nytt hovudbibliotek i Årås-området.

Utvida opningstida for biblioteka.

Nytta biblioteka til utstillingar, forfattarbesøk o.s.b.

ANSVAR.

Skule/kultur.

MUSIKKSKULEN.

MÅL.

Musikkskulen skal etter kvart bli ein integrert del av barnehage, grunnskule og fritidsaktivitetar.

Musikkskulen vert trekt aktivt med i barn/unge sitt fritidstilbod.

Musikkskulen skal vera ein ressurs for resten av skuleverket og musikklivet.

Musikkskulen skal gi eit tilbod til alle som søker seg inn på han.

TILTAK.

At musikkskulen ikkje misser ressursar.

ANSVAR.

Skule/kultur.

EVALUERING.

Tiltaka skal evaluerast i årsmeldinga til etatane. Ein må då og få med brukarevaluering.

RULLERING.

Planen skal rullerast kvart 3 år.